

Saksbehandlar: Anne-Kjersti Stenehjøm, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 16/158-1

## **Skriv og meldingar 2. februar 2016 - Fylkesrådet for eldre**

- 1. Fylkesrådet for eldre tek skriv og meldingar til vitande**
- 2. Fylkesrådet for eldre sine uttalar og kommentarar til kvart einskild skriv og melding vert lagt inn under kvar meldesak.**

### Vedlegg:

Svar frå fylkeslegen  
Brev frå Akershus eldreråd  
Uttale frå Hedmark fylkeseldreråd  
Program temadag om telemedisin og velferdsteknologi  
Program kurs – eldrerådet i arbeid  
Brev frå eldrerådet i Luster  
Samandrag frå Pensjonistforbundet  
Invitasjon frå Pensjonistforbundet i Sogn og Fjordane

### Meldesak 1) Svar frå fylkeslegen på brev sendt frå eldrerådet i møte 28. oktober

I møte 28. oktober sende fylkesrådet brev til fylkeslegen der dei gjorde han merksam på at eldre har vorte avviste når dei tek opp meir enn eit sjukdomsbilete med fastlegen si. Fylkesmannen er kjend med at legekontora har ulike konsultasjonstilbod. Svar frå fylkesmannen er vedlagt.

### Meldesak 2) Brev frå Akershus eldreråd

Akershus eldreråd har samanfatta eit brev med forslag til opplegg og regi for framtidige landskonferansar. Brevet er sendt til alle landet sin fylkeseldreråd.

### Meldesak 3) Uttale frå Hedmark fylkeseldreråd

Hedmark fylkeseldreråd støttar initiativa frå fylkesråda i Akershus, Nordland og Sør-Trøndelag om at det på landskonferansen som Oppland fylkeseldreråd skal arrangere sommaren 2016, vert avsett tid for å drøfte opplegg, regi og mandat for framtidige landskonferansar.

### Meldesak 4) Vestlandssamlinga Sola 26. – 27. april

Fylkeseldrerådet i Rogaland har sendt invitasjon til Vestlandssamling på Sola Strand Hotel. Rogaland sender etter kvart informasjon og program. Er det saker som aktuelle å melde inn til samlinga?

### Meldesak 5) Temadag om telemedisin og velferdsteknologi

Helse Førde arrangerte 13. januar ein temadag om telemedisin og velferdsteknologi.

Meldesak 6) Kurs eldrerådet i arbeid

Fagakademiet region Vest skal 11. februar ha kurs i eldrerådet sitt arbeid. Alle medlemmane i fylkesrådet er påmeldt kurset.

Meldesak 7) Kopi av brev frå eldrerådet i Luster til NAV Luster

Eldrerådet i Luster har sendt brev til NAV Luster med fylgjande innhald: «Eldrerådet er kjende med at eldre og andre ikkje har fått hjelp på NAV til å fylla ut reiserekningar. Dei har m.a. vorte viste til ein pc og blitt nekta anna form forretteiing/hjelp. Det meiner Eldrerådet er for dårleg service for dei eldre. Mange har aldri hatt og brukt ei datamaskin før, og det kan vere vanskeleg for nokon både med synet og forstå kva teksten på skjemaet betyr. Eldrerådet ber om at NAV-Luster drøftar denne problemstillinga, og ynskjer gjerne ein tilbakemelding frå dykk».

Meldesak 8) Orientering om brukarutval

Det har vore brukarutval for Helse Vest og Helse Førde i fleire år. No vert det vurdert å opprette tilsvarende brukarutval i resten av landet. Informasjon v/ Harald Ekroll

Meldesak 9) Morgondagens eldresenter

Samandrag frå Pensjonistforbundet, om forskingsresultata for korleis utvikle dagens eldresenter til å verte "Morgondagens eldresenter"

Meldesak 10) Invitasjon frå Pensjonistforbundet i Sogn og Fjordane

Pensjonistforbundet i Sogn og Fjordane skal ha årsmøte på Scandic Sunnfjord Hotel i Førde 14. – 15. mars, og inviterer leiar for fylkesrådet for eldre til dette møtet.

Meldesak 11) Ymse